



## STORTINGET

# Innst. 340 S

(2018–2019)

Innstilling til Stortinget  
fra finanskomiteen

Meld. St. 3 (2018–2019)

### Innstilling fra finanskomiteen om Statsrekneska- pen 2018

Til Stortinget

#### Innledning

Meldinga omfattar statsrekneskapen med ein løyvingerekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvingerekneskapen syner samla løyving og rekneskap for kvar post i statsbudsjettet. Under utgiftspostane ser ein òg overført løyving frå 2017 til 2018 og overført løyving frå 2018 til 2019. Kapitalrekneskapen syner statens eigde-  
delar, gjeld og eigenkapital. Meldinga inneheld òg oversyn over rekneskapen for Svalbard, statens garanti-  
ansvar, tilsegns- og bestillingsfullmakter og oversyn over aksjar som staten eig.

Det er lagt vekt på å forklare avvik mellom budsjett og rekneskap. Budsjettutviklinga gjennom 2018 fram til nysalderinga er nærare omtalt i Prop. 33 S (2018–2019) Ny saldering av statsbudsjettet 2018.

I kapittel 1 i meldinga er det gjort greie for hovud-  
elementa i statsrekneskapen og budsjettpolitikken. Det-  
te omfattar mellom anna bruken av petroleumsinntek-  
ter, veksten i statsutgiftene og statens skatte- og avgifts-  
inntekter frå Fastlands-Noreg og frå petroleumsverk-

semnda. Lånetransaksjonar og finansieringsbehov vert òg omtalt. Kapittel 2 i meldinga tek føre seg områda til kvart departement for seg. I kapittel 3 i meldinga er rekneska-  
pen til Statens pensjonsfond omtalt, og i kapittel 4 er det gjort greie for statens balanse og finanspostar.

#### Hovudtal

Tabell 1.1 syner statsrekneskapen 2018 etter post-  
grupper i statens kontoplan for høvesvis utgifter og inn-  
tekter. Dei samla utgiftene vart 1 717,6 mrd. kroner, medan inntektene før statslånemidlar vart 1 780,7 mrd. kroner. Overskot før lånetransaksjonar i statsrekneska-  
pen og netto lånepostar (post 90–99) gjev eit brutto fi-  
nansieringsbehov på -63,1 mrd. kroner. Samla inntekter medrekna statslånemidlar vert 1 717,6 mrd. kroner.

Det oljekorrigerte underskotet går fram av netto ut-  
gifter og inntekter (post 1–89) utanom kontantstraum  
frå petroleumsverksemda og overføringane til og frå Sta-  
tens pensjonsfond utland (SPU). Underskotet vert dekt  
med ei overføring frå SPU til statsbudsjettet som svarar  
til det oljekorrigerte underskotet, slik det vart rekna i  
nysaldert budsjett.

Av tabell 1.1 går det fram at det oljekorrigerte under-  
skotet i 2018 vart 218,5 mrd. kroner, som er 7,0 mrd. kro-  
ner lågare enn i nysaldert budsjett. Statsrekneskapen  
vart difor gjort opp med eit overskot på 7,0 mrd. kroner.

Tabell 1.1 Utgifter og inntekter 2018

| Utgifter (mill. kroner)    | Samla   | Sum utan<br>overføring<br>SPU | Utan petroleum<br>og overføring<br>SPU | Kontant-<br>straum pe-<br>troleum | Overføring<br>SPU |
|----------------------------|---------|-------------------------------|--|-----------------------------------|-------------------|
| Driftsutgifter (post 1–29) | 172 236 | 172 236                       | 172 236                                | 0                                 | 0                 |
| Investeringar (post 30–49) | 68 590  | 68 590                        | 46 035                                 | 22 555                            | 0                 |

| Utgifter (mill. kroner)   | Samla     | Sum utan<br>overføring<br>SPU | Utan petroleum<br>og overføring<br>SPU | Kontant-<br>straum pe-<br>troleum | Overføring<br>SPU |
|---|-----------|-------------------------------|--|-----------------------------------|-------------------|
| Overføringer (post 50–89)   | 1 328 278 | 1 077 319                     | 1 077 319                              | 0                                 | 250 959           |
| Sum utgifter utan lånetransaksjonar   | 1 569 104 | 1 318 145                     | 1 295 590                              | 22 555                            | 250 959           |
| Lånetransaksjonar (post 90–99)  | 148 491   | 148 491                       | 146 738                                | 1 754                             | 0                 |
| Sum utgifter med lånetransaksjonar  | 1 717 595 | 1 466 637                     | 1 442 328                              | 24 309                            | 250 959           |
| Inntekter (mill. kroner)  |           |                               |  |                                   |                   |
| Sal av varer og tenester (post 1–29)  | 138 224   | 138 224                       | 23 714                                 | 114 510                           | 0                 |
| Inntekter i samband med nybygg, anlegg m.m.<br>(post 30–49)                   | 27 670    | 27 670                        | 4 034                                  | 23 636                            | 0                 |
| Skattar, avgifter og andre overføringer<br>(post 50–89)                       | 1 410 211 | 1 184 697                     | 1 049 330                              | 135 368                           | 225 514           |
| Sum inntekter utan lånetransaksjonar  | 1 576 105 | 1 350 591                     | 1 077 078                              | 273 513                           | 225 514           |
| Tilbakebetalingar (post 90–99)  | 204 612   | 204 612                       | 202 858                                | 1 754                             | 0                 |
| Sum inntekter før statslånemidlar   | 1 780 717 | 1 555 203                     | 1 279 936                              | 275 267                           | 225 514           |
| Netto post 1–89, utgifter og inntekter (under-<br>skot før lånetransaksjonar) | -7 001    | -32 446                       | 218 513                                | -250 959                          | 25 445            |
| + Netto lånetransaksjonar (post 90–99), utgifter<br>og inntekter              | -56 120   | -56 120                       | -56 120                                | 0                                 | 0                 |
| = Brutto finansieringsbehov (statslånemidlar)                                 | -63 122   |                               |  |                                   |                   |
| Sum inntekter med lånetransaksjonar   | 1 717 595 |                               |  |                                   |                   |

Tabell 1.2 syner samla egedelar, gjeld og eigenkapital slik det går fram av kapitalrekneskapen. Eigenkapitalen minka i 2018 med 222,8 mrd. kroner. Nedgangen skriv seg frå Statens pensjonsfond. Overskotet før lånetransaksjonar aukar eigenkapitalen, medan auken i avsetjing av overførte midlar reduserer eigenkapitalen. Anna endring i eigenkapitalen er nærare omtalt i kapittel 4.

Tabell 1.2 Egedelar, gjeld og eigenkapital (mill. kroner)

|   | 2018      | 2017       | Endring  |
|---|-----------|------------|----------|
| Sum egedelar                              | 9 766 982 | 10 060 732 | -293 750 |
| Sum gjeld                                 | 695 369   | 766 319    | -70 950  |
| Avslutningskonto (eigenkapital)           | 9 071 614 | 9 294 413  | -222 799 |
| <i>Endring i eigenkapitalen:</i>          |           |            |          |
| Endra verdi Statens pensjonsfond          |           |            | -241 686 |
| Overskot før lånetransaksjonar i balansen |           |            | 7 001    |
| Auka avsetjing av overførte midlar        |           |            | -2 305   |
| Anna endring i eigenkapitalen             |           |            | 14 191   |

Tabell 1.3 syner endring i kapitalen til Statens pensjonsfond og samanhengen med overskot, valutakursregulering og realiserte og urealiserte vinstar og tap, fordelt på høvesvis SPU og SPN (Statens pensjonsfond Noreg).

Overskotet i Statens pensjonsfond vart 250,4 mrd. kroner. Til saman vert statsrekneskapen og Statens pensjonsfond gjorde opp med eit overskot på 257,4 mrd. kroner i 2018.

Tabell 1.3 Statens pensjonsfond (mrd. kroner)

|                            | SPU     | SPN   | Samla   |
|----------------------------|---------|-------|---------|
| Netto kontantstraum        | 251,0   |       | 251,0   |
| – Overført statsbudsjettet | 225,5   |       | 225,5   |
| Renter og utbyte           | 217,2   | 7,8   | 225,0   |
| Overskot                   | 242,6   | 7,8   | 250,4   |
| Kapital per 31.12.2017     | 8 484,1 | 240,2 | 8 724,3 |
| Overskot                   | 242,6   | 7,8   | 250,4   |
| Valutakursregulering       | 223,6   | -     | 223,6   |

|                                       |         |       |         |
|---------------------------------------|---------|-------|---------|
| Realiserte/urealiserte<br>vinstar/tap | -706,9  | -8,8  | -715,7  |
| Kapital per 31.12.2018                | 8 243,4 | 239,2 | 8 482,6 |
| Endra verdi, fondskapital             | -240,7  | -1,0  | -241,7  |

### Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fredric Holen Bjørdal, Svein Roald Hansen, Ingrid Heggø, Åsunn Lyngedal og Rigmor Aasrud, fra Høyre, Elin Rodum Agdestein, lederen Henrik Asheim, Mudassar Kapur, Vetle Wang Soleim og Aleksander Stokkebø, fra Fremskrittspartiet, Sivert Bjørnstad, Bård Hoksrud og Jan Steinar Engeli Johansen, fra Senterpartiet, Sigbjørn Gjelsvik og Trygve Slagsvold Vedum, fra Sosialistisk Venstreparti, Kari Elisabeth Kaski, fra Venstre, Abid Q. Raja, fra Kristelig Folkeparti, Tore Storehaug, fra Miljøpartiet De Grønne, Kristoffer

Robin Haug, og fra Rødt, Bjørnar Moxnes, tar omtalen til orientering og viser for øvrig til Dokument 1 fra Riksrevisjonen, som blir behandlet i kontroll- og konstitusjonskomiteen.

### Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rå Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Meld. St. 3 (2018–2019) – Statsrekneskapen 2018 – vedlegges protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 28. mai 2019

**Henrik Asheim**

leder og ordfører

